

Til Ordførar Vegard

Ville du latt dottera di gå 25 km. frå Husnes til Dimmelsvik for å hente vatn?

Kvar dag går jenter i mange land milevis for å hente vatn. Tida dei bruker på dette, går ut over skulegang, lekser og samvær med andre. I tillegg er dei utsette for fare på den lange vegen. Dette er noko av det de kan vere med å endre, om de støttar oss med fasteaksjonen i Kvinnherad!

Kirkens Nødhjelp skaffar årleg tilgang til reint vatn til rundt ein million menneske. Eit svært viktig bidrag til dette arbeidet er pengane som blir samla inn i fasteaksjonen. Me konfirmantar er med på å samla inn pengar til dette ved å gå med bøsser i heile kommunen. Gjennom fasteaksjonen får me opplæring i urettferd og behova i verda, men og at det faktisk er mogleg å hjelpa og gje håp for andre.



Alle konfirmantane i Kvinnherad våren 2026 lure difor på om ikkje Kvinnherad kommune kunne hjelpa oss å hjelpa andre ved å donera 100 kroner per konfirmant til Fasteaksjonen 2026. Me er 129 konfirmantar i år (de kan rekna sjølv) Pengane går til Kirkens Nødhjelp sitt viktige arbeid i dei fattigaste landa i verda. Samstundes er de med på å vise oss ungdomar at Kvinnherad støttar opp for ei meir rettferdig

verd.

Kirkens Nødhjelp og partnaren Response Network har sørgra for betre tilgang til vatn i Nampongo, Zambia. Her er Previncia (13) ved ein av vasstasjonane. Foto: Kirkens Nødhjelp

Les meir om fasteaksjonen:

